

RADØY KOMMUNE  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGERDato: 25.03.2019  
Vår ref.: 2019/2297-2  
Saksbehandlar: andask\_  
Dykkar ref.: olaf.hella@radoy.kommune.no

Att. olaf.hella@radoy.kommune.no

## Tilsegn om tilskot til folkehelsearbeid i Radøy kommune 2019

Vi viser til søknaden dykkar om folkehelsemidlar, datert 26.02.2019. Det er med glede vi kan melde at Hordaland fylkeskommune løyver inntil kr 95 000 til folkehelsearbeid frå budsjettet for Folkehelsearbeid i kommunane i Hordaland 2019.

Tilskotet er ein del av Hordaland fylkeskommune si satsing på folkehelse og oppfølging av Regional plan for folkehelse 2014-2025. Dette er i tråd med politisk vedtak i fylkesutvalet PS 20/2017 den 26.01.2017.

Føremålet med ordninga er å stimulere til utvikling av folkehelsearbeidet i kommunane i Hordaland, og særleg eit bidrag til å setje i verk eit systematisk og tverrsektorielt folkehelsearbeid.

For at tilsegna skal vere gyldig må dykk signere og returnere vedlagte standardvilkår innan tre -3- veker etter at tilsegnsbrevet er motteke. Dette som ei stadfesting på at de har lest og akseptert vilkåra for løyvinga, og at de tek ansvar for å gjennomføra prosjektet som planlagt. Signerte standardvilkår returnerast som vedlegg til EHF-faktura, sjå avsnitt «utbetaling».

Tilsegna gjeld til 31.12.2019. Eventuell søknad om forlenging av tilsegna må sendast sakshandsamar før denne dato.

### 1. Søknadsgrunnlag

Følgjande opplysningar er henta frå søkjar si beskriving av søknaden; Kommunen vil i år vidareføre satsinga på unge med innføring av programmet "De utrolige årene" i barnehagane. Tidleg innsats og universelle tiltak som inkluderer alle er viktig.

#### Mål for 2019

Trygge barn og unge i Radøy kommune som trivst og utviklar seg.

#### Aktiviteter

*6 Workshops for de tilsette gjennom året. Mellom Workshopsene er det mellomarbeid med trening på universalsforebyggjande og målretta forebygging av relasjonsstøttande åtferd.*

#### Organisering

Ansvarleg søkjar: Radøy Kommune  
Organisasjonsnr.: 954748634, 1260-Radøy

#### Vurdering av søknaden

Radøy kommune søker midlar til vidare satsing på arbeid med unge og ei innføring av programmet "De utrolige årene". Satsinga er forankra i kommunen og tiltak er retta mot barnehagebarn med mål om trivsel,

trygghet og utvikling for alle. Radøy ønskjer med denne satsninga å vidareutvikla trygge og inkluderande oppvekstvilkår og lokalmiljø. Dette er i tråd med vilkår for tilskotsordninga.

## 2. Godkjende kostnadar og godkjend finansieringsplan

Løyvd beløp: 95 000

Søknadsbeløp: 95 000

### Godkjend kostnadsplan

Tittel	2019	SUM
Frikjøp, koordinator	95 000	95 000
<b>Sum kostnad</b>	<b>95 000</b>	<b>95 000</b>

## 3. Vilkår for tilskotet

### Generelle vilkår:

- Innsats knytt til folkehelsearbeidet i kommunen må gjennomførast i samsvar med innsendt søknad.
- Større endringar i plan for bruk av midlane, derunder endringar i budsjett- eller finansieringsplan, skal etter søknad frå tilsegnsmottakar godkjennast av fylkeskommunen. Søknaden må vere signert av ansvarleg søkjar.
- Informasjon om prosjektet kan verte omtala på [www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)
- Tilsegnsmottakaren har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

### Utbetaling

- Tilsegnsmottakar må innan tre – 3 – veker signere og returnere standardvilkåra (vedlagt) saman med ein faktura i EHF-format pålydande 95 000.
  - Hordaland fylkeskommune si elektroniske fakturaadresse er: **9908:938626367**, aksesspunkt VISMA. Vi ber om at fakturaen inneheld fakturateksten; Brev: 2019/2297
- I feltet «Dykkar referanse»** (som er eit obligatorisk felt i EHF-standarden Hordaland fylkeskommune nytter) skal det stå følgjande: **30416**. Dette for at dykkar faktura skal gå automatisk til rett mottakar.

### Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll. Vi gjer vidare merksam på at i medhald av §10 i løyvingsreglementet og §12 i lov om Riksrevisjonen, kan Kommunal- og regionaldepartementet og Riksrevisjonen setje i verk kontroll med at midlane vert nytta som føresett.

### Klage / innsyn i dokumenta

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen eller på epost til [regional@hfk.no](mailto:regional@hfk.no)

Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak som det vert klaga på, og dei grunnar som klagen støttar seg til.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

**Kontaktperson**

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson og sakshandsamar for dette tilsegnet er;

Andreas Ask

Epost: andreas.ask@hfk.no

Mobil: 45203946

Vi ynskjer dykk lukke til vidare med gjennomføringa av folkehelsearbeidet i 2019 i dykkar kommune.

Med helsing

Bård Sandal  
fylkesdirektør Regional utvikling

Arthur K. Arnesen  
fung. næringssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg: Akseptskjema standard vilkår.

Vi ber om at de signerer og returnerer følgende standardvilkår saman med EHF-faktura innan 3 veker etter at tilsegnsbrevet er motteke. Dette som ei stadfesting på at de har lest og akseptert vilkåra for løyvinga, og at de tek ansvar for at prosjektet vert gjennomført etter planen.

### Standardvilkår for Folkehelsearbeid i kommunane i Hordaland 2019

**Kommune:** Radøy  
**Tilsegnsnr.:** Folkehelse2019048      **Løyvd beløp:** 95 000  
**Vår ref. (arkiv):** 2019/2297

---

#### Følgjande kontrollerast av tilsegnsmottakar:

**Tilsegnsmottakar:** Radøy Kommune

**Postadresse:** Radøyvegen 1690,  
5936 MANGER

**Org.nr.:** 954748634

**Kontaktperson:** Radøy Kommune

**Telefon:** 56349018      **Mobil:** 47462749

**E-post:** olaf.hella@radoy.kommune.no

#### Sakshandsamar

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson og sakshandsamar for dette tilsegnet er;

Andreas Ask  
E-post: andreas.ask@hfk.no  
Mobil: 45203946

**Vi stadfester med dette at vi har lest tilsegnsbrevet og aksepterer vilkåra for løyvinga, samt tek ansvar for at midlane vert nytta i samsvar med søknaden og tilsegnsbrevet.**

Signert standardvilkår av ansvarleg søkjar:

Stad: ..... Dato: .....

**Signatur ansvarleg søkjar:** .....

**Returadresse: Som vedlegg til EHF-faktura.**